

Møteprotokoll

Råd: Gjesdal sokneråd

Dato og tid: 06.02.2025, 19:30

Stad: Oltedal kyrkje

Saksmappe: GSR2025-3

Til stades: Olga Slettebø Gilje (Leiar), Svein Madland (Nestleiar), Leif Hadland (Prest), Sverre Undheim (Sekretær), Berit Sola Gilje (Medlem), Jarle Gilje (Medlem), Oddrunn Helen Dubland Sivertsen (Medlem), Svein Ingve Nødland (Medlem), Bjørg Bollestad (Varamedlem)

Forfall:

Protokollfører: Sverre Undheim

Sakslista

Faste Saker

007/25 Godkjenning av innkalling og referat fra sist møte.

Møtesaker

008/25 Budsjett 2025

009/25 Gullkonfirmantar

010/25 Kyrkjevert i Oltedal frå soknerådet

011/25 Skjærtorsdag - Gudsteneste med kveldsmat

012/25 Plan for skole/kirke samarbeid

013/25 Strategidag 2025

014/25 Ukrainsk gudsteneste

015/25 Utleiereglement

Orienteringssaker

00007 Økonomi kyrkjelydsblad

00008 Kyrkjelydsfest/kyrkjemøte

00009 Nytt frå stab

00010 Misjonsutval

Leiar

Prest

007/25 Godkjenning av innkalling og referat fra sist møte.

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Sverre Undheim	06.02.2025	007/25

Forslag til vedtak

Innkalling og referat fra sist møte godkjennes.

Vedtak

Innkalling og referat frå sist møte godkjennes.

008/25 Budsjett 2025

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Sverre Undheim	06.02.2025	008/25

Forslag til vedtak

Soknerådet vedtek vedlagt årsbudsjett for 2025.

Møtebehandling

Moms generell kompensasjonsordning må setjes opp til 20.000kr for å kome innanfor kraver for å få momsrefusjon.

Vedtak

Soknerådet vedtek vedlagt årsbudsjett for 2025 med ei oppjustering av momsutgifter til 20.000kr for å kome over grensa for å få momsrefusjon.

Soknerådet vedtek at renteinntektene frå milliongåva i 2025 skal brukes inn i drifta av soknet.

009/25 Gullkonfirmantar

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Sverre Undheim	06.02.2025	009/25

Forslag til vedtak

Jubileumsfesten for gullkonfirmantane vert klokka i Oltedal kyrkje.

Møtebehandling

Soknerådet ser at det vert for travelt å ha samling for ullkonfirmantar denne våren og vil difor ha samlinga på hausten.

Vedtak

Jubileumsfesten for gullkonfirmantar vert 28. september i Oltedal kyrkje.

010/25 Kyrkjevert i Oltedal frå soknerådet

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Sverre Undheim	06.02.2025	010/25

Forslag til vedtak

Faste medlemmer og 1. vara i soknerådet stiller som kyrkjevert på gudstenestene i Oltedal. Dagleg leiar sett opp ei og sender ut.

Vedtak

Faste medlemmer og 1. vara i soknerådet stiller som kyrkjevert på gudstenestene i Oltedal. Dagleg leiar sett opp ei liste og sender ut.

011/25 Skjærtorsdag - Gudsteneste med kveldsmat

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Sverre Undheim	06.02.2025	011/25

Forslag til vedtak

Soknerådet stiller med kyrkjevert og forsongarar til Gudstenesta på Skjærtorsdag, i tillegg til å ha kveldsmaten som vanleg.

Møtebehandling

Svein, Bjørg og Oddrunn kan vere forsongarar. Svein handler inn til kveldsmaten og Oddrunn kan baka noko til kveldsmaten. Resten av soknerådet som har høve til å vere med hjelper til med rydding og ynskjer velkommen i døra.

Vedtak

Soknerådet stiller med kyrkjevert og forsongarar til gudstenesta på Skjærtorsdag, i tillegg til å ha kveldsmaten som vanleg.

012/25 Plan for skole/kirke samarbeid

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
	06.02.2025	012/25

Forslag til vedtak

Gjesdal sokneråd vedtek den vedlagte planen for skule-kyrkje-samarbeid.

Vedtak

Gjesdal soknerådet vedtk den vedlagte planen for skule-kyrkje-samarbeid.

013/25 Strategidag 2025

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Sverre Undheim	06.02.2025	013/25

Møtebehandling

Soknerådet tykkjer at programmet ser fint ut, men ynskjer å integrere det siste punktet i programmet meir i samtalanane i den dagen. Ikkje eit eige punkt til slutten av dagen.

Målet for dagen er å arbeide mot ein ny visjon for Gjesdal sokn, og at neste steg vert å utarbeide ein strategi for å nå denne visjonen.

Bestillinga til Geir er å snakke om visjon og ha nokre punkt til samtalar i grupper etterpå. Leif har kontakt med Geir.

Forslag til samtaleemner:

- Ein visjon som folk hugser.
- Korleis kommuniserer me soknet sin visjon ut til alle i soknet?
- Ein *kyrkjelyd* - tre kyrkjer.

Vedtak

Soknerådet ber staben om å legge fram eit meir konkret program for dagen til neste soknerådsmøte. Soknerådet ynskjer også at alle varamedlemmer får ei innkalling til denne dagen.

014/25 Ukrainsk gudsteneste

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Sverre Undheim	06.02.2025	014/25

Vedtak

Soknerådsleiar og sokneprest finn meir informasjon om kva denne saka gjeld, så tek me saka opp igjen ved eit seinare høve.

015/25 Utleiereglement

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Sverre Undheim	06.02.2025	015/25

Forslag til vedtak

Soknerådet tek forslaget til utleiereglement til orientering og har ingen tilbakemeldinger.

Møtebehandling

Soknerådet syns det er urimeleg at dei tilsette får betale halv pris, medan soknerådsmedlemmer ikkje får det. Samstundes er det vanskeleg å skille mellom soknerådsmedlemmer og andre frivillige i soknet. Kvifor skal dei tilsette få redusert pris? Betre at ingen får redusert pris?

Vedtak

Soknerådet tek forslaget til utleigereglement til orientering og stiller spørsmål til at tilsette får redusert pris medan soknerådet og andre frivillige ikkje får det.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	06.02.2025	00007

00007 Økonomi kyrkjelydsblad

Informasjon

30.01.25 ligg annonseinntektene på 93.000kr

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	06.02.2025	00008

00008 Kyrkjelydsfest/kyrkjemøte

Informasjon

Kyrkjelydsfest/kyrkjemøte vert 27. mars i Oltedal kyrkje. Sokneråd saman med stab arrangerer.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	06.02.2025	00009

00009 Nytt frå stab

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	06.02.2025	00010

00010 Misjonsutval